



Bjørn-Kåre Vågenes Eiendom

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1968 - 16/5499

Saksbehandlar:

Line Hervig

line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:

21.04.2016

Byggesak Gbnr 28/80 Kvalheim nedre - Radøytunet - tilbygg internatet - søknad om ansvarsrett - godkjenning

Delegasjonssak nr.:

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : Marøyvegen 92
Tiltakshavar : Bjørn Kåre Vågenes Eiendom
Ansvarleg søker : Bjørn Kåre Vågenes Eiendom
Søknadstype : Godkjenning av ansvarsrett

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om endring av ansvarsrett for ansvarleg søker i sak som gjeld oppføring av tilbygg til vestfløyen i internatetbygg på Radøytunet. Byggeløytet for tilbygget er frå 07.02.2000.

Det vert søkt om endring av ansvarsrett for å kunne søkje om ferdigattest for tilbygget.

Det vert elles vist til søknad mottatt 26.10.2015.

Ansvarsrettar

Føretaket **Bjørn Kåre Vågenes Eiendom**, org.nr. 974453134, har søkt ansvarsrett som ansvarleg søker (SØK).

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Sakshandamingsfrist

Søknaden er mottatt 26.10.2015. Sakshandsaminga er utsett i samråd med søker og i påvente av handsaming av saker om bruksendring til asylmottak, jf. kommunen sitt brev av 05.11.15.

Søknad om ferdigattest

Dersom det ikkje ligg føre kontrollerklæringar frå tidlegare ansvarshavande i tiltaket må det saman med søknad om ferdigattest sendast inn erklæring om ansvarsrett for uavhengig kontroll og samsvarserklæring for gjennomført kontroll av utføring.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-4 (SØK) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK L/S * FUNKSJON TILT.KL. ANSVARSOMRÅDE

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Bjørn Kåre Vågenes	S	SØK		Ansvarleg søker

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	<u>2 700</u>
		Totalsum kr	2 700

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/1968

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist/ byggesakshandsamar Line Hervig.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig
jurist/ byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bjørn-Kåre Vågenes Eiendom